

Stavanger 02.09.2024

Fra: Svein Hodne, Olderveien 14, 4025 Stavanger

Epost: svein.hodne@lyse.net

Til: NVE

Klage på sak

Dykar ref.: 201912940-183, Dato 16.08.24

Angående plassering av ny Tjøtta trafostasjon og godkjenninga frå NVE.

Eg protesterer naturlegvis på det sterkaste mot NVE sin vurdering om å flytta Tjøtta trafostasjon frå den opprinnelege plasseringa, alt.3 til ny lokalitet, alt.5.

Eg set eit stort spørjeteikn med NVE sin konklusjon i saka. Det kan synast som at kanskje ubegrunna frykt og tynne argument har fått gjennomslag her. Eg meiner at det viktigste omsynet som må gjelda er det estetiske, omsynet til landskap og geografi, på same måte som jordkabel vs. Høgspenningmaster.

Eg kan ikkje skjønna at Klepp kommune, Statsforvalteren mfl. kan akseptera ein slik koloss midt ute i det åpnaste landskapet i Haugemarka/Tjøttamarka.

Det er for meg eit paradoks at master skal vekk mens ein slik bygning skal opp akkurat her. Dette vil verta et malplassert monument som kjem til å stå der i meir enn 100 år.

Alternativ 3 er den mest optimale plasseringa alle førehald teke omsyn til.

Her vil minst 50% vera bygningsmassen være skjult av tre og vegetasjon.

Nesten ingenting vil vera synleg med unnatak frå Brautvegen kor begge lokalitetane er omlag like synlege.

Her er det andre driftsbygningar i nærleiken (80-100meter) som vil bidra til å dempe påverknaden på landskapet.

Det er også tre og vegetasjon rundt desse bygningane som er med på dette. Det er ubegrunna frykt at denne plasseringa vil plage nokon i det heile, dyr inkludert.

Når det gjeld alt.5 så vert bygget ståande åleine i eit stort åpent kulturlandskap, på det høgste av ein lang rygg som strekk seg fra Fv.444 og nesten ned til Horpestadvegen. Den

vil sjåast frå eit stort omland i alle retningar, 13 meter på det høgste. Det vil kanskje bli meir skjemmaende enn dei høgspennmastene som var planlagt der i starten før jordkabel vart vedteke.

Det vil øydeleggja fotografiske motiv frå Krosshaug og Tinghaug, kor mange med fotointeresse likar å ta bilete av landskap og solnedganger over jærlandskapet og havet.

Eg er kjent med at Statsforvalteren har kome med tydelige synspunkt i saka, men tykjer han kunne vore mykje sterkare i anbefaling av alternativ 3, som er det mest skånsame for naturen og landskapet, folk og fe. Han burde fråråda alt. 5

Når det gjeld andre driftsbygningar i det same området så glir desse på ein måte inn i landskapet. Ingen av dei næraste naboane blir påverka i noko særleg grad, korkje visuelt eller av lydforureining, når det gjeld alternativ 3. Våningshusa ligg for det meste på andre sida av driftsbygningar på garden.

Dei har kanskje ikkje vore å sjekka dette på liknande anlegg. Stolaheia på Krossberg nær Stavanger kor eg er godt kjent er eit relativt stort åpent anlegg. Det er nesten lydlaust, berre noko knitring av og til. Her spring det og mange hestar i løyper anlegge og den næraste stallen er like ved. Det argumentet kan òg leggjast daut.

Konklusjon :

Den visuelle forureininga alternativ 5 representerer for eit stort omland bør diskvalifisera dette. Det er berre å sjå på bilete kor anlegget er montert inn i landskapet.

Alternativ 5 bør frårådas på det sterkaste etter mi meining, og NVE bør vurdere saka på ny i lys av alt dette. Argumenta for dette alternativet er etter mi meining svakare enn for alt. 3.

Alternativ 3 er det mest optimale alle førehald teke omsyn til.

Med venleg helsing Svein Hodne

PS. Det er ikkje av private omsyn eg klagar, sjøl om eg har budd på ein av nabogardane. Det er kun av omsyn til naturen, jærlandskapet og bebuarar i nærområdet.

Kopiar vert sende digitalt til: Klepp kommune, Statsforvalteren i Rogaland